

KOMMISJONSDIREKTIV 2003/90/EF

2009/EØS/63/38

av 6. oktober 2003

om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om den felles sortliste for jordbruksvekster⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 2 bokstav a) og b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsdirektiv 72/180/EØF av 14. april 1972 om fastsettelse av kjennetegn og minstekrav ved undersøkelse av sorter av plantearter til jordbruksformål⁽²⁾, endra ved direktiv 2002/8/EF⁽³⁾, er det med sikte på offisiell godkjenning av sortane i dei listene som medlemsstatane fører, fastsett kva eigenskapar som granskingane av dei ulike artane minst skal omfatte, saman med minstekrav til gjennomføringane av granskingane.
- 2) Administrasjonsrådet for plantesortskontoret til Fellesskapet (CPVO), som vart skipa ved rådsforordning (EF) nr. 2100/94 av 27. juli 1994 om EF-planteforedlerrett⁽⁴⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 1650/2003⁽⁵⁾, har utferda rettleiande prinsipp for prøving med omsyn til krava til gransking av visse artar.
- 3) På internasjonalt plan finst det rettleiande prinsipp for prøving, der krava til gransking av sortane er fastsette. Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV) har utarbeidd rettleiande prinsipp for prøving.
- 4) Direktiv 72/180/EØF vart endra ved direktiv 2002/8/EF for å sikre at dei rettleiande prinsippa for prøving som CPVO har utarbeidd, stemmer overeins med krava til gransking av sortane med sikte på at dei skal godtakast for oppføring i dei nasjonale sortlistene i medlemsstatane, i den mon CPVO har fastsett rettleiande prinsipp for prøving. CPVO har seinare fastsett rettleiande prinsipp for ei rekkje andre artar.

- 5) Det bør sikrast at dei rettleiande prinsippa for prøving som CPVO har utarbeidd, stemmer overeins med krava til sortane med sikte på at dei skal godtakast for oppføring i dei nasjonale listene i medlemsstatane.
- 6) I dei tilfella der CPVO enno ikkje har utarbeidd særlege prinsipp, bør fellesskapsordninga byggje på dei rettleiande prinsippa for prøving som UPOV har utarbeidd. Nasjonal lovgjeving skal gjelde for dei artane som ikkje er omfatta av dette direktivet.
- 7) Direktiv 72/180/EØF bør difor opphevast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

1. Medlemsstatane skal syte for at sortar av jordbruksvekstrar som stettar dei krava som er fastsette i nr. 2 og 3, vert førde opp i ei nasjonal liste slik det er definert i artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2002/53/EF.
2. Med omsyn til sjølvstende, stabilitet og einsarta utforming
 - a) skal dei artane som er førde opp i vedlegg I, stette dei krava som er fastsette i «protokollane for prøving av sjølvstende, innbyrdes samsvar og stabilitet», som er utarbeidde av Administrasjonsrådet for plantesortskontoret til Fellesskapet (CPVO) og førde opp i det nemnde vedlegget,
 - b) skal dei artane som er førde opp i vedlegg II, stette dei rettleiande prinsippa for prøving av sjølvstende, innbyrdes samsvar og stabilitet som er utarbeidde av Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV) og førde opp i det nemnde vedlegget.
3. Med omsyn til dyrkings- eller bruksverdi skal sortane vere i samsvar med dei krava som er fastsette i vedlegg III, utan at det rører ved artikkel 4 nr. 2 i direktivet.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 254 av 8.10.2003, s. 7, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 108/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 18.

⁽¹⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 108 av 8.5.1972, s. 8.

⁽³⁾ TEF L 37 av 7.2.2002, s. 7.

⁽⁴⁾ TEF L 227 av 1.9.1994, s. 1.

⁽⁵⁾ TEU L 245 av 29.9.2003, s. 28.

Artikkel 2

Alle sortsegenskapane slik det er definert i artikkel 1 nr. 2 bokstav a), og eventuelle andre eigenskapar som er merkte med ei stjerne (*) i dei rettleiande prinsippa for prøving som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav b), skal nyttast, på det vilkåret at observasjonen av ein eigenskap ikkje vert hindra av at andre eigenskapar kjem til uttrykk, eller at ein eigenskap ikkje kjem til uttrykk på grunn av dei miljøtilhøva som prøvinga vert utført under.

Artikkel 3

Når det gjeld dei artane som er førde opp i vedlegg I og II, skal medlemsstatane syte for at minstekrava til gjennomføring av granskingar som gjeld utforminga av forsøk og dyrkingsvilkår slik det er fastsett i dei rettleiande prinsippa for prøving som er nemnde i vedlegga, er stetta når granskingane vert gjennomførde.

Artikkel 4

Direktiv 72/180/EØF vert oppheva.

Artikkel 5

1. Medlemsstatane skal innan 31. mars 2004 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynete for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunnngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 6

1. Dersom ein sort ikkje er vorten godkjend for oppføring i den felles sortslista for jordbruksvekstrar før dette direktivet tek til å gjelde, og dei offisielle granskingane tok til før denne datoen i samsvar med føresegnene anten i

- a) direktiv 72/180/EØF eller
- b) dei rettleiande prinsippa frå CPVO som er førde opp i vedlegg I, eller dei rettleiande prinsippa frå UPOV som er førde opp i vedlegg II, alt etter kva artar det dreier seg om,

skal dei sortane som det gjeld, reknast for å stette krava i dette direktivet.

2. Nr. 1 skal berre nyttast dersom prøvingane fører til den konklusjonen at sortane stettar dei reglane som er fastsette anten i

- a) direktiv 72/180/EØF eller
- b) dei rettleiande prinsippa frå CPVO som er førde opp i vedlegg I, eller dei rettleiande prinsippa frå UPOV som er førde opp i vedlegg II, alt etter kva artar det dreier seg om.

Artikkel 7

Dette direktivet tek til å gjelde sjuande dagen etter at det er kunnngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 8

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 6. oktober 2003.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

*VEDLEGG I***LISTE OVER ARTAR SOM SKAL STETTE DEI RETTLEIANDE PRINSIPPA FOR PRØVING SOM ER UTARBEIDDE AV CPVO**

Solsikke, protokoll TP-8 av 31.10.2002	Durumkveite, protokoll TP-120 av 27.3.2002
Bygg, protokoll TP-19 av 27.3.2002	Mais, protokoll TP-02 av 15.11.2001
Rug, protokoll TP-58 av 31.10.2002	Potet, protokoll TP-23 av 27.3.2002
Kveite, protokoll TP2 av 27.3.2002	

Teksta til desse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO (www.cpvo.eu.int).

*VEDLEGG II***LISTE OVER ARTAR SOM SKAL STETTE DEI RETTLEIANDE PRINSIPPA FOR PRØVING SOM ER UTARBEIDDE AV UPOV**

Förbete, rettleiande prinsipp TG/150/3 av 4.11.1994	Åkerert, rettleiande prinsipp TG/7/9 av 4.11.1994 (og retting 18.10.1996)
Hundekvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990	Raudkløver, rettleiande prinsipp TG/5/7 av 4.4.2001
Storkvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990	Kvitkløver, rettleiande prinsipp TG/38/7 av 9.4.2003
Krypkvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990	Bønnevikke, rettleiande prinsipp TG/8/6 av 17.4.2002
Engkvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990	Förvikke, rettleiande prinsipp TG/32/6 av 21.10.1988
Byfaks, rettleiande prinsipp TG/180/3 av 4.4.2001	Kålrot, rettleiande prinsipp TG/89/6 av 4.4.2001
Alaska-faks, rettleiande prinsipp TG/180/3 av 4.4.2001	Oljereddik, rettleiande prinsipp TG/178/3 av 4.4.2001
Hundegras, rettleiande prinsipp TG/31/8 av 17.4.2002	Jordnøtt, rettleiande prinsipp TG/93/3 av 13.11.1985
Strandsvingel, rettleiande prinsipp TG/39/8 av 17.4.2002	Rybs, rettleiande prinsipp TG/185/3 av 17.4.2002
Sauesvingel, rettleiande prinsipp TG/67/4 av 12.11.1980	Raps, rettleiande prinsipp TG/36/6 av 18.10.1996 (og retting 17.4.2002)
Engsvingel, rettleiande prinsipp TG/39/8 av 17.4.2002	Saffortistel, rettleiande prinsipp TG/134/3 av 12.10.1990
Raudsvingel, rettleiande prinsipp TG/67/4 av 12.11.1980	Bomull, rettleiande prinsipp TG/88/6 av 4.4.2001
Italiensk raigras, rettleiande prinsipp TG/4/7 av 12.10.1990	Tekstillin/oljelin, rettleiande prinsipp TG/57/6 av 20.10.1995
Fleirårig raigras, rettleiande prinsipp TG/4/7 av 12.10.1990	Opiumvalmue, rettleiande prinsipp TG/166/3 av 24.3.1999
Hybridraigras, rettleiande prinsipp TG/4/7 av 12.10.1990	Kvitsennep, rettleiande prinsipp TG/179/3 av 4.4.2001
Timotei, rettleiande prinsipp TG/34/6 av 7.11.1984	Soyabønne, rettleiande prinsipp TG/80/6 av 1.4.1998
Engrapp, rettleiande prinsipp TG/33/6 av 12.10.1990	Havre, rettleiande prinsipp TG/20/10 av 1.10.1994
Kvitlupin, rettleiande prinsipp TG/66/3 av 14.11.1979	Ris, rettleiande prinsipp TG/16/4 av 13.11.1985
Smallupin, rettleiande prinsipp TG/66/3 av 14.11.1979	Sorghum, rettleiande prinsipp TG/122/3 av 6.10.1989
Gul-lupin, rettleiande prinsipp TG/66/3 av 14.11.1979	Rugkveite, rettleiande prinsipp TG/121/3 av 6.10.1989
Blåluserne, rettleiande prinsipp TG/6/4 av 21.10.1988	

Teksta til desse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV (www.upov.int).

*VEDLEGG III***EIGENSKAPAR MED OMSYN TIL GRANSKING AV DYRKINGS- ELLER BRUKSVERDI**

1. Avling.
 2. Motstandskraft mot skadelege organismar.
 3. Åtferd med omsyn til faktorar i det fysiske miljøet.
 4. Kvalitetssegenskapar.
- Når resultata vert sende over, skal det opplysast om kva metodar som vert nytta.
-